

## Ein rettferdig og regulert utleigemarknad

Å ha ein stad å bu er ein menneskerett. I dag er det rundt 20% som leiger, i staden for å eige, bustaden dei bur i. Utviklinga på bustadmarknaden viser at dei som leiger blir fleire og fleire, medan dei som eig blir færre og færre. Det er difor viktigare enn nokon gong med ein ordentleg og seriøs bustadmarknad, og ein rettferdig utleigepolitikk.

I dag er det veldig profitabelt å tene pengar på å leige ut sekundær-, og til og med tertiærbustad, for utan reguleringar kan bustadhaiar ta så mykje dei vil i leige. Det er difor behov for regulering, for å halde bustadprisane nede, og skape ein marknad som ikkje spring løpsk, men heller sikrar folk ein stad å bu.

Eit av verkemidla for å regulere bustadmarknaden er å innføre makspris på utleige, slike reglar fins allereie i mange andre land. Slike reglar vil seie at det settast ein makspris på utleige per kvadratmeter, slik at utleigarane ikkje kan ta så mykje dei vil i leige, og bustadprisane held seg låge i staden for å skyte i været. Det gjer det ogso mindre attraktivt å dele opp leilegheiter i små hyblar som ein leiger ut til høge prisar.

Dette vil vere viktig fordi det særleg er dei med låg inntekt og studentar som leiger, og i ei tid der alt blir dyrare og fleire slit med å få endane til å møtast, er det å regulere utleigeprisane eit viktig tiltak for at alle skal få meir å rutte med.

### **Bergen SV krev at:**

- Det skal innførast makspris på utleige per kvadratmeter.